



LINDÅS KOMMUNE  
Kvernhusmyrane 41  
5914 ISDALSTØ

Dato: 06.12.2019  
Vår ref.: 2018/11194-24  
Saksbehandlar: hanengu  
Dykkar ref.:

## Fråsegn - Offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Vikane - Eikangervåg - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 17.10.2019 om høyring av forslag til detaljregulering for Vikane - Eikangervåg. Hovudføremålet i planen er at strekninga langs E39 Vikane-Eikangervåg skal utbetraast med omsyn til trafikktryggleik og tilbod for mjuke trafikantar.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internetsidene våre: [www.hordaland.no/plan/](http://www.hordaland.no/plan/).

### Vurdering

#### Samferdsel

Prosjektet inngår i Nordhordlandspakken. Her er det til saman 19 prosjekt på både fylkesveg og riksveg. Tiltaket for utbetringar mellom Vikane og Eikangervåg er prioritert eit stykke ned på lista. Strekninga er i dag prega av dårlig vegstandard og manglande tilbod for dei som går og syklar. Det er lagt opp til g/s-veg med 3,5 meters bredde. Ved tilkomst til eigendommar og kollektivhaldeplass er bredda auka til 4 meter. Vidare er kollektivhaldeplassane i tråd med Statens vegvesen sine handbøker.

Hordaland fylkeskommune støtter tiltak som vil gi eit betre tilbod for mjuke trafikantar og som styrker gange og sykkel som transportalternativ, men det kan bli aktuelt å vurdere standardkrava i forhold til økonomiske rammer.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Ved oppstart bad Hordaland fylkeskommune om at det vart gjort ei kulturhistorisk registrering og vurdering av bygningar og anlegg i området. Materialet som ligg før i plansaka, med ei eiga KU for kulturarv, er oversiktleg og grundig presentert. Planen vil føre til noko tap av nyare tids kulturminne med lokal verneverdi, og vi ser at regionalt viktige kulturminne ikkje vert råka av planen. Vi har difor ikkje avgjerande merknader med omsyn til nyare tids kulturminne i saka, bortsett frå at vi ber om at en er varsam med dei kulturminna som ligg tett ved vegen.

Hordaland fylkeskommune viser ellers til utsett frist i saka til 17.1.2020 for det som vedkjem automatisk freda kulturminne. Her vil det bli utarbeidd eige fråsegn i saka.

## Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Eva Katrine R. Taule  
kst plansjef

Hans-Christian Engum  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Helene Moe, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Kopi til:

FYLKESMANNEN I VESTLAND

STATENS VEGVESEN REGION VEST BERGEN  
KONTORSTED